


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



Foto: kjh



ÅRGANG 72

NR. **01** PÅSKE 2019

*God
påsketid!*

Hosianna!

Velsigna er han som kjem i Herrens namn!

I fastetida fram til påske har me følgd Jesus når han møter folk og bed dei inn til seg i sitt rike. Me har og sett Jesus som redd og engsteleg framfor døden han skulle lida, men at han og var lydig mot Far sin i himmelen.

Læresveinane som følgde han, viste seg som svake og redde når det vart alvor. Dei sovna frå han i Getsemane, og dei nekta for å kjenna han når soldatane kom og arresterte han.

«Herre», sa Peter, «med deg er eg klar til å gå både i fengsel og i død.» Men Jesus svara: «Eg seier deg, Peter: Hanen skal ikkje gala i natt før du tre gonger har nekta at du kjenner meg.»

Me kan også kjenna på angst og redsle i livet. Som menneske møter me prøvingar som kan slå oss til jorda.

Jesus som var eit sant menneske. Han har og kjend på alle menneskelege prøvingar og veit difor korleis me har det. Ved å gå til Jesus med alt vårt, vil me møta kjærleik, nåde og tilgjeving. Guds kjærleik til oss menneske er bærebjelken i påska sin

bodskap. Den vesle Bibel, Joh. 3, 16 uttrykkjer dette svært tydeleg: «For så høgt har Gud elska verda at han ga Sonen, den einbårne, for at kvar den som trur på ham, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»

Dagane våre kan vera så ulike, men påska vil minne oss om at det finst ein soloppgang. Det finst ein kjærleik som er sterkare enn døden, og eit håp som står som fjellet fast.

Då kan me og ropa: Hosianna du som kjem i Herrens namn !

God påske !

Tore Brudvik, vikarprest.

**Vi takkar Kjersti
og Tore for tida i
Vik som vikar for
soknepresten!**

kjh

Konfirmasjon

Fresvik kyrkje 27.april kl.10.30.

Maren Bøthun

Tiril Bøthun

Feios kyrkje 27.april kl.13.00

Harald Brekke

Agathe Feidje

Turid Johanne Grindedal

Rebekka Midlang Harbakk

Henrik Tveit

Vik kyrkje 12.mai kl.11.00

Alette Espeland Aase

Kasper Kolltveit Birkeland

Amaris Jo Brekke

Erika Brekke

Solveig Brudevoll

Ingeborg Hagheim Hove

Ingvild Fjærestad Hønsi

Brita Lundeland

Emma Tryti Myrkaskog

Steffen Nesheim

Endre Ruud Solberg

Daniel Tenold-Saglien

Ivar Årestrup

Arnafjord kyrkje 26.mai kl.11.00

Birgit Halset

Vangsnes kyrkje 30.mai kl.11.00

Elida Espeland

Brage Lunde Fjærestad

Mathias Holen

Erika Husebø

Vilde Sætre Samland

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

KYRKJA

TRENG DEG!

Det vert kyrkjeval i september. Her kjem nokre opplysningar om det som skal skje.

Samtidig med kommune- og fylkestingsvalet går kyrkjevalet av stabelen – (8.) 9. september. Gjennom deltaking der får du vere med å påverke framtida både til di lokale kyrkje og til kyrkja på nasjonalt plan. Dette fordi du både kan røyste på ditt lokale sokneråd og på bispedømerådet. Alle bispedømeråd utgjer til saman Kyrkjemøtet, som er det øvste organet i kyrkja – på folkemunne kalla «kyrkja sitt Storting».

Kandidatar og vallister:

Noko av det første som skjer framover er å skaffe folk som er villige til å stå på vallista. Du kan difor bli oppringt i den nærmaste tida og spurt om du kan vere interessert i dette. Har du eit ynskje om å vere med i dette arbeidet, er du sjølv sagt også velkomen til å melde deg som kandidat til lista. Du tek då kontakt med ditt lokale sokneråd om dette.

Alle som er medlemmar i Dnk og som er over 18 år (eller fyller 18 år innan utgangen av valåret) er valbare og aktuelle kandidatar til å stille til val.

Her kjem 10 gode grunnar til kvifor du bør seie ja til å stå på lista:

1. Du bidreg til å halde lokalkyrkja levande
2. Du blir del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for born og

unge

5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet
7. Du kan sørge for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du kan påverke aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruke i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv

Det skal nominerast minst det talet personar som skal veljast (faste og vara) til soknerådet. Det må i tillegg vere 10 forslagstillarar som skriv under og går god for lista. 10 røysteføre personar kan dessutan stille eiga liste. Då på minst det talet faste som skal veljast. Frist for å ha klar listene er 30. april. Frist for kunngjering av vallistene er seinast 5. mai. Kandidatane og vallistene vil også bli presenterte i neste kyrkjelydsblad.

Nytt ved kyrkjevalet i 2019:

- Ikkje lenger lov å stryke namn på lista
- Du kan gi tilleggsrøyst til maksimum tre personar – ei ekstra stemme til kvar
- Kun direkteval ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Førehandsrøysting:

Perioden for førehandsrøysting er frå 10. august til 6. september. I den perioden kan du førehandsrøyste på kyrkjekontoret på kommunehuset i andre etasje. Vallokala er då opne i kontortida. Det er elles viktig å merke seg at dersom du har førehandsrøysta,

kan du ikkje røyste på sjølve valdagen i tillegg!

Røysterett:

Ein kan også merke seg at det er røysterett for 15 åringar ved kyrkjevalet! Alle medlemar av Dnk og som bur i soknet, og som har fylt 15 år innan utgangen av valåret – har røysterett - både på det lokale soknerådsvalet og på bispedømerådsvalet.

Ingen har stemmerett i meir enn eitt sokn. Utanlandske statsborgarar som er medlem av Dnk har kyrkjeleg stemmerett.

Alle røysteføre medlemar av Dnk skal få tilsendt valkort i posten i god tid før valdagen (juli/august). Har du ikkje motteke valkort, men meiner du er medlem må du straks melde frå om dette til ditt lokale kyrkjekontor.

Valperiode:

Valperioden for både sokneråd og bispedømeråd er på 4 år. Den er den same som for kommunestyre, og føl den same syklusen som kommunestyrevala.

Soknerådet:

Soknerådet er ditt lokale «kyrkjestyre». Dei skal ha fokus på det som kan vekke og nære det kristlege livet i kyrkjelyden. Dei samarbeider tett med dei lokalt tilsette i kyrkja, og har merksemd på aktivitet og tiltak for både born og eldre i kyrkjelyden. Dei vedtek lokale planar for trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk. Dei vedtek også lokal grunnordning for gudstenestelivet, og vedtek føremål for kyrkjeofringar. Dei har ansvar for bruken av kyrkja, og for utleige av kyrkja. Dei førebur også saker for soknemøter, og er høyringsinstans i fleire saker og høyringar som kjem frå sentralt hald. Soknet er grunneininga i kyrkja.

Etter val av sokneråda er unnagjort, vel dei internt kvar sine medlemar til eit fellesråd.

I eit fellesråd sit det representantar frå alle sokneråda, ein representant frå kommunestyret, og ein prest. Kyrkjeverja er sekretær for fellesrådet. Fellesrådet er mellom anna arbeidsgjevar for alle dei kyrkjeleg tilsette med unnatak av prestane, forvaltar kyrkjene og kyrkjegardane og er bindeledd mellom kommunen og den lokale kyrkjelyden.

Bispedømerådet:

Bispedømerådet er arbeidsgjevar for prestane og bispedømeadministrasjonen. Dei fordelar presteressursane mellom sokna, og tilset prestar. Dei styrer bispedømet sin økonomi, og fordelar midlar frå Opplysningsvesenets Fond (OVF). Dei forvaltar trusopplæringa gjennom godkjenningar og inspirasjon, og leier regionale fellestiltak. Dei gjev fagleg støtte og rettleiing til sokna, og er eit bindeledd mellom nasjonale og lokale kyrkjelege organ. Dei har vedtaksmynde når det gjeld samanslåing/regulering av sokn, og er eit regionalt høyringsorgan i plansaker. Alle bispedømeråda utgjer til saman Kyrkjemøtet.

Valdagen 9. september:

På valdagen 9. september håpar me at DU kjem og gir di røyst. Dette kan du gjere i alle valkrinsane i kommunen – i tilstøytande rom til kommunestyrevalet. Vallokala vil ha dei same opningstidene som ved kommunestyrevalet, dei fleste stader frå kl. 10.00 til kl. 20.00. Tid og stad for valet vil bli kunngjort.

**KOM OG GI KYRKJA GODE RÅD
– GODT VAL!**

Kyrkjerådet/I.V.



Fasteaksjonen 9. april 2019
Ta vel imot bøsseberarane!

Hawo si hjelpande hand



Etter at mamma og storebror døydde har 12 år gamle Hawo tatt over mykje av det daglege ansvaret for familien. – Aller helst vil eg bli sjukepleiar. Fordi eg ønsker å hjelpe andre.

Smilet sit eit stykke inne, men det er likevel ein vaksen mildskap i blikket til Hawo. Ei blanding av sjenanse, og opplevingar ingen unner eit barn. For få år sidan, ho hugsar det så godt, levde ho med mor og far, fem brør og ei syster. Eit enkelt, men godt liv som nomadar ute i det golde ørkenlandskapet i Puntland i Somalia. Det var før regnet slutta å kome. Sesong etter sesong. Før geitene dei levde av byrja å døy, eitt dyr om gongen. Før dei sjølv vart utmagra. Før Hawo mista mamma og deretter storebror. Han var berre skinn og bein, og då han vart sjuk makta

ikkje kroppen meir.

Livreddande vatn

– Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy, sier Hawo med lav stemme. Ho fortel at dei vaksne bestemte at storfamilien måtte kome seg til provinshovudstaden Garowe. Hit til flyktningleiren Jilab 3, der nye klimaflyktningar strøymer til kvar einaste dag. Frå 2010 til 2012 vart Somalia ramma av den mest alvorlege tørka på 60 år og hungersnauden tok livet av nærare 260.000 menneske. Ifølgje FN er 2.6 millionar somaliarar i dag på flukt, hovudsakleg frå tørke, men òg frå konflikt.

Dei har mista stort sett alt, men heldigvis sørger Kirkens Nødhjelp for reint vatn her i leirane. Det er helt avgjerande for å unngå vassbårne sjukdomar som kolera – og for at folk skal kunne overleve under dei særskilte tilhøva. Dei daglege turane til ein av vasspostane er det Hawo som står for. I tillegg til at ho lagar mat, vaskar kle, passar småsøsken og held reint i og utanfor det enkle teltet. Etterpå gjer ho mykje av det same også for tanta som bur i ein annan flyktningleir 20 minutt gange unna.

Eitt av dei beste

– Hawo er eitt av dei beste barna som fins. Ho er framleis så ung, men gjer alt av husarbeid, også mange ting vi ikkje treng å be henne om. Ho er ærleg, og gjer mykje heilt på eige initiativ, eg trur at ho kan bli ein god gründer,

seier Fadumo Abdinur Hirsi (60) og klappar kjærleg på tantebarnet sitt. – Eg vil vere ei flink jente. Eg ønsker å hjelpe andre, og om eg får jobb på eit sjukehus kan jeg hjelpe mange. Og kanskje gje ballar til barna, så dei har noko å leike med. Det har eg lyst til, seier Hawo. Avhengig av hjelp for å hjelpe For at Hawo og andre skal få reint vatn trengs det hjelp frå mange norske frivillige. Folk som ikkje er på flukt, men som har engasjement, slik som Hawo, og eit ønske om å hjelpe menneske i ein særskild krevjande situasjon. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid

gjennom Fasteaksjonen. Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Somalia. For Hawo og fleire tusen andre flyktningar har dette vore livsviktig hjelp. I år òg år skal frivillige over heile Norge vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda. Du òg kan bidra når vi i Vik kommune skal gjennomføre årets aksjon, anten ved å vere bøssebærar eller å støtte aksjonen.

Kyndelsmessebasaren



(inntekt til Det Norske Misjons-selskap) vart etter tradisjon arrangert 2.febr. i Kyrkjestova. Særleg kjekt var det at Tone og Helge Helgesen kom frå Bryne. Helge viste bilete og fortalde frå Madagaskar. Det var både kjekt og inspirerande å høyre korleis midlane vi gjev gjennom misjonen blir til nytte.

KorBrrra var også med og gav god stemning med sin friske song. Det var «fullt hus og stormande jubel» og brutto-inntekta på



basaren vart heile Kr. 55.494.- Hjarteleg takk til alle som bidrog til det flotte resultatet; med gevinstar, alle som selde og kjøpte lodd, kakebaking, alt praktisk arbeidet og elles laga skikkeleg basarstemning!

Ekstra takk til Osvald Risløw som hjelte oss med trekninga!

*Flatbygdi kvinneforening og
Kyrkjestova Misjonslag*

MINIKONFIRMASJON



Vart gjennomført for 11-åringar frå Vangsnes og Vik sokn i februar og mars månad.

Vi er takknemlege for at Kjersti og Tore Brudvik (vikarar for sokneprest) tok på seg denne oppgåva saman med Tove Geithus!



Det vart arrangert fire samlingar etter skuletid i Vik kyrkje og Kyrkjestova.

Tema var Bibel, dåp, nattverd og bøn. På samlingane var det også leik, forming og sjølvsgatt mat.



Som avslutning var minikonfirmantane saman med familie bedne på ei samling i Kyrkjestova.

Minikonfirmantane fekk utdelt diplomar.

Takk til alle som støtta opp om tiltaket!

*Foto: Tsg
Tekst: Kjh*



HELSING FRÅ KYRKJA – REKNESKAPSOVERSIKT 2018

RESULTAT

UTGIFTER

INNTEKTER

Trykking m.m.	IHP	34.754,75	Bladpengar	82,925,00
Kristeleg press.ktr. ab. 2018		1.750,00	Renteinntekter	<u>696,52</u>
Kontorutgifter/gbr.		<u>711,50</u>		
Sum utgifter		37.216,25	Sum inntekter	83,621,52
Overskot		46.405,27		
Sum		<u>83.621,52</u>	Sum	<u>83,621,52</u>


BALANSE

AKTIVA

PASSIVA

Bankkonto,brukskonto	73,815,09	Eigenkapital 01012018	139,665,28
Bankkonto,topprente	<u>112.255,46</u>		
Sum bankinnskot	186,070,55	Overskot	<u>46,405,27</u>
		Eigenkapital 31122018	186,070,55
Sum	<u>186.070,55</u>	Sum	<u>186.070,55</u>

Vik i Sogn, 31122018
17022019


Sylvi Nummedal
-kasserar-


Olav Håkon Refsdal
-revisor-

KOMMENTAR TIL REKNESKAPEN FOR «Helsing frå kyrkja» 2018

Takk for bladpangar i 2018 , og takk for alle andre gaver til bladet!Som de ser, har vi for tida «pengar på bok» sjølv om vi ikkje tok innbladpengar i 2017.

Av ulike årsaker fekk vi gitt ut berre eit blad i 2017 og to i 2018.

Utgiftene til trykking av blad 2/2018 er ikkje med på rekneskapen for 2018, sidan trykking av julebladet alltid kjem nær årsskiftet.

Det nummeret kosta kr. 17.665.

Vi ser på nettsida vår www.vik.kyrkja.no og Helsing frå kyrkja i samanheng. Nokon av dei midlane vi har no, vil gå til oppdatering av nettsida, men mest av alt vonar vi å få ut tre blad dette året.

Bladpengar 2019

Vedlagt dette bladet er ein giro for innbetaling av bladpengar.

Vi vonar de betalar kr. 150.-

Utanbygds kr. 200.- (dyrare porto).

Redaksjonen

Vinnar av
kryssord i
førre nr.:
Torstein
Feidje,
Feios.
Gratulerer!

Finn fem feil!

Dei to bilda er nesten like. Finn du dei fem feila på bildet under?
Send løysinga til barnas@sondagsskolen.no med «Barnas 6» i
emnefeltet. Då blir du med i trekkinga av ein flott høgtalar til
telefonen eller nettbrettet ditt!

Hugs å skrive namn og adresse! Fristen er 28. april!
Vinnaren blir trekt 29. april og blir kontakta.



VINN


kul høgtalar til
mobilen eller
nettbrettet!



Teikning: CLAUDIA CHIARAVALOTTI



10



POST

**Vil du ha Barnas
heim i postkassa?**

– Sjå sondagsskolen.no/barnas

Meldingar:

Nytt frå fellestrådet og kyrkjevevja.

Vedlikehaldsarbeid på kyrkjene i 2019.

Måla ferdig tårnet på Vik kyrkje. Nye vindauge på austveggen av Vangsnes kyrkje og skifte noko meir kledning. Ved Feios kyrkje skal singelen opp til inngangsdøra bytast ut med grus. I Fresvik skal den universelle tilkomstten helleleggjast. Den gamle gravemaskina (frå 80-talet) skal «spøtast oppatt» då det blir rimeligare enn å kjøpa ny. Det skal ikkje setjast i gang nye vedlikehaldsprosjekt før dei omtala er ferdige.

Nye prosjekt med høg prioritet.

Universell tilkomst til Vik kyrkje har vore omsnakka i lang tid og soknerådet er engasjert og vil vere med å utarbeide planar for korleis dette kan løysast i lag med fellestrådet.

Brannalarm er ikkje installert i nokon av kyrkjene. Dette er også eit prioritert tiltak. Fellestrådet er heilt avhengig av tilleggsløyvingar frå kommunen for å gjennomføre nye tiltak.

Økonomiplanen for Vik kommune 2019 – 2022.

I økonomiplanen for kommande periode ligg det inne nedskjering på Vik kyrkjelege fellestråd på ca. 22%. Vik fellestråd har drøfta denne utfordringa og har sett

ned eit utval som har fått frist til medium juni med å komma med forslag til korleis fellestrådet om mogleg, kan tilpassa seg den nye økonomiske ramma. Økonomiplanen legg også føringar på fellestrådet at ein må vurdere kyrkjestrukturen.

I.V.

NYTT FRÅ SOKNERÅDA

Vangsnes sokneråd og årsmøtet i Vangsnes sokneråd

har gjort vedtak om å redusere talet på medlemmer i Vangsnes sokneråd – ved kommande val skal ein velje 4 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Dugnad på kyrkjegardane.

Med våren kjem eit behov for dugnad på kyrkjegardane.

På **Feios kyrkjegard** vert **det dugnad tysdag 23.april kl.17.00**

Vik sokneråd arrangerer dugnad på **Vik og Hopperstad kyrkjegard**

Torsdag 25.april frå kl.17.00.

Alle møter ved Vik kyrkje. Ta med rive!

Så vidt vi veit er det ikkje bestemt tidspunkt for dugnad i dei andre sokna enno. Sjå etter plakatooppslag!

VIKAR SOKNEPREST

I april månad er det **John Ove Thaule** frå Vossestrand som er vikar for soknepresten i Vik.

Vik helselag vil få takka for all god hjelp og støtte i høve basaren i Kyrkjestova laurdag 16.mars.

Takk for fine gevinstar.

Takk for all god mat.

Takk til alle som kjøpte lodd.

Ei særleg takk til

Frelsesarmeens Strengemusikk for fin song.

Bruttoinntekta vart kr. 48.250.-

Mesteparten av basarinntekta går til gode formål i bygda.

M.P.

Bedehuset i Feios vil med dette takke alle som støtta oss.

Me fekk inn brutto kr.13770, hadde ikkje selt lodd før den kvelden.

Ein fin kveld med mykje fin song av Strengmusikken, lodding på aura og bok.

Mange fine gevinstar fekk me av private personar, butikkar i Vik, Vangsnes og Feios. So tusen takk. Viktig å halde bedehuset i god stand.

Kaffi, saft og smørbrød vart servert.

Kyrkjestova

er heldigvis mykje i bruk og vi treng fleire som vil vaske på dugnad.

Ein kan velje om ein vil vaske åleine eller saman med ein

• annan, og kor ofte.

Kunne du tenke tenke deg å vere med, ta kontakt med Sylvi Nummedal, Inger Anne O. Tryti eller Kirsti J. Hopperstad!

Inger Anne Opheim Tryti har no ansvar for den daglege drifta av Kyrkjestova.

Vi har fått «utleigeboka» på ein outloook-kalendar, så no er vi fleire personar som kan ta mot spørsmål om utleige;

Sylvi Nummedal tlf. 469 28 613

Inger Anne Opheim Tryti tlf.

482 40 316 og Kirsti Jelle

Hopperstad tlf, 911 01 653, Vik kyrkjekontor.

Minnegåver Kari Fjærestad

Vik sokneråd takk hjarteleg for gåvene til Vik kyrkje!

Minnegåve Aslaug Svendsen

Vik sokneråd takkar for minnegåva til Vik kyrkje!

T.H.

Døyppte:

31.12.18. Synne Andersen
Stadheim
24.02.19. Knut Tistel Vange
03.03.19. Frøya Myklebust Risløw

Døde:

Arnafjord:

22.11.18. Torleiv Magnar
Otterskred f. 1934
29.11.18. Magnus Bungum f. 1927
25.01.19. Svanhild Opel Lee f. 1933
27.02.19. Bjørg Alvhild Sværen
f. 1931

Feios:

22.02.19. Einar Vangsnes f. 1947

Vik:

16.01.19. Astrid Otterstad f. 1933
25.02.19. Aslaug Svendsen f. 1926
27.02.19. Bjarne Fjærestad f. 1927
13.03.19. Aleksander Stachura
f. 1925
15.03.19. Anna Hopperstad f. 1933
20.03.19. Marie Liljedahl Andersen
f. 1929
21.03.19. Marta Kvamme f. 1927

Vangsnes:

12.03.19. Sigrid Vangsnes f. 1925

Salme av Hans Hønsi

Kjære Jesus, milde, gode,
du som store under gjorde.
Du som tek mi sut og tvil
Heim til deg eg fara vil.

No eg trygt frå alt kan fara,
veit so vel du vil meg vara.
No mi siste ferd tek til.
Heim til deg eg fara vil.

Nåden eg i hjarta hyser,
 kjærleikselden mot meg
lyser.
No av gleda stundar til
Heim til deg eg fara vil.

Å so trygt frå alt eg sovnar,
for eg dreg på Gud sin
lovnad.
Kjærleiks-ljoset fagert skin.
Sæleheimen open finn.

KORBRARRA

avslutta semesteret sitt med å
ta del i gudsteneste i Vik kyrkje
3.mars.

Det er Rut Solveig
N. Netland og
Turid Brekke som
leier koret.

Dei hadde også
fått med seg
Gygrene.

Takk for nydeleg
song, både i
samsong og
gruppene kvar for
seg!

Og så var det som
alltid kjekt med
dåp i gudstenesta.

Det var ei
skikkeleg triveleg
stund i kyrkja.



NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 415 91 913

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjevevje

Ingvar Vangsnes

epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR KONTORTID

kontor 415 91 913

bustad 57 69 75 36

mobil 901 11 530

tysdag - fredag

kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest - vikar

April:

John Ove Thaule

epost: johnthaule@gmail.com

Tlf. 957 62 085

Prostiprest Stein Arne Larsson

e-post: stein.arne.larsson@vik.kommune.no

mobil 948 87 965

Kyrkjelydspeagog - vakant stilling

Lisbet U. Holen vikar

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad

epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo

mobil 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organist

Inger Marit Hove

epost: inger.marit.hove@vik.kommune.no

mobil 915 27 569

bustad 57 69 59 59

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik: Reidunn Bolstad, 905 33 581

Arnafjord: Camilla Zweidorff Hove, 957 39 867

Vangsnes: Erlend Hanekam, 416 34 981

Feios: Rune Hjortland, 957 66 551

Fresvik: Anita Høydal, 975 37 879

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Ingunn Bjørk Refsdal

tlf. 971 86 721

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Inger Anne O. Tryti

tlf. 482 40 316

Kirsti Hopperstad

tlf. 911 01 653

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

14.april, Palmesøndag

Joh 12,1-13

kl.11.00

Fresvik kyrkje

Gudsteneste v/ Larsson Dåp Offer

kl.16.00

Vik kyrkje

Gudsteneste v/ Larsson 6 års fase
Offer

18.april, Skjærtorsdag

Joh 13,1-17

kl.11.00

Arnafjord kyrkje

Gudsteneste v/ J.O.Thaulle Nattverd
Offer

19.april, Langfredag

Matt 26,30 -27,50

kl.11.00

Vik kyrkje

Gudsteneste v/ O. M. Hove. Dåp

21.april, 1.påskedag

Joh 20,1-10

kl.11.00

Vik kyrkje

Høgtidsgudsteneste v/ J.O.Thaulle
Dåp Nattverd Offer Korsong

kl.16.00

Feios kyrkje

Høgtidsgudsteneste v/ J.O.Thaulle
Dåp
Nattverd Offer

22.april, 2.påskedag

Joh 20,11-18

kl.11.00

Vangsnes kyrkje

Høgtidsgudsteneste v/ J.O. Thaulle
Nattverd Offer

27.april, Laurdag

kl.10.30

Fresvik kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Larsson
Offer

kl.13.00

Feios kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Larsson
Offer

28.april , 2.s.i påsketida

Inga gudsteneste i Vik

5.mai, 3 s.i påsketida

Mark 6,30-44

kl.11.00

Vik kyrkje

Gudsteneste 3-årsfase Offer.

12.mai, 4.s.i påsketida

Joh 14,1-11

kl.11.00

Vik kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Larsson
Offer

17.mai, Nasjonaldag

Luk 17, 11-19

kl.12.00 ?

I hagen Vik bygde- og sjukeheim

Festgudsteneste (sjå tidspunkt
17.mai- program)

19.mai, 5 s.i påsketida

(Joh 17,6-11)

kl.11.00

Feios kyrkje

Gudsteneste 3-årsfase
Offer

kl.16.00

Fresvik kyrkje

Gudsteneste Offer

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

26.mai, 6 s. i påsketida Matt 6, 7-13	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Konfirmasjonsgudsteneste v/ Larsson Offer
30.mai, Kr. Himmelfartsdag Joh 17, 1- 5	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Konfirmasjonsgudstenestev/ Larsson Offer
2.juni, Søndag før pinse Joh 16,12-15	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Larsson Nattverd Offer
9.juni, Pinsedag Joh 7,37-39	kl.11.00	Friluftsgudsteneste, Vangsnes
16.juni, Treeiningss. Luk 24, 45-48	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Larsson Offer 50 års konfirmentar
23.juni, Jonsokaftan Joh 3,1-13	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste Nattverd Offer
	kl.18.00	Hopperstad stavkyrkje Jonsokmesse
30.juni, 3.s.i treeining Mark 10,13-16	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Larsson Nattverd Offer
	kl.16.00	Fresvik kyrkje Gudsteneste v/ Larsson Nattverd Offer

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F
Feios: Ring leiar Rune Hjortland 957 66 551
Fresvik: Ring Nann Ingunn Simlenes 415 70 815
Arnafjord: Ring leiar Camilla Zweidorff Hove 957 39 867